Ver førebudd når krisa kjem - beredskap i heimen

Eigenberedskap for deg og familien din.

Øygarden kommune arbeider kvar dag for å skapa tryggleik for innbyggjarane. Likevel kan det oppstå situasjonar der kommunen, naudetatane og andre samfunnsaktørar ikkje kan hjelpa alle med ein gong.

I ein krisesituasjon kan det ta tid før offentlege tenester kan hjelpe alle som treng det. Difor er det viktig at kvar enkelt husstand er førebudd på å klare seg sjølv i **minst ei veke**.

Kriser kan oppstå som følgje av ekstremvêr, langvarige straumbrot, bortfall av vatn, svikt i elektronisk kommunikasjon eller andre hendingar som påverkar kvardagen vår.

Tenk gjennom dette:

- Korleis får de varme dersom straumen vert borte?
- Har de nok drikkevatn til alle i husstanden?
- Har de mat som ikkje treng kjøling eller tilbereding?
- Har de batteri, lommelykter og alternative lyskjelder?
- Korleis kan de halde kontakt med familie, naboar og andre dersom mobil- og internettdekninga sviktar?
- Har de nødvendige medisinar og utstyr lett tilgjengeleg?
- Kven treng ekstra hjelp i nærmiljøet dersom ei krise oppstår?

Dette bør de ha heime

- Reint drikkevatn
- Mat som toler lagring
- Primus, grill eller anna alternativ moglegheit for matlaging
- Lommelykt og ekstra batteri
- Batteri- eller sveiveradio
- Førstehjelpsutstyr

Kontakt oss

Geir Knarvik Fjeldstad
Beredskapssjef
Mobil: 995 32 447

Andre
110 - Brann
112 - Politi
113 - Ambulanse
116 117 - Legevakt

- Nødvendige medisinar
- Varme klede, pledd og soveposar
- Kontantar i mindre valørar
- Liste med viktige telefonnummer



Eigenberedskap | Foto: Daniel Fatnes/DSB

Ta vare på kvarandre!

God eigenberedskap handlar ikkje berre om utstyr. Det handlar også om å kjenna naboane sine og hjelpa kvarandre når det trengst. Eit godt lokalsamfunn står sterkare i møte med utfordringar.

Når fleire innbyggjarar er godt førebudde, vert lokalsamfunnet meir robust. Då kan kommunen prioritera hjelp til dei som treng det aller mest.

Ver trygg! Ver førebudd!

Ved å planleggje litt på førehand kan du og familien din handtere uventa hendingar betre og bidra til at naudetatane kan prioritere dei som treng hjelp mest.

Saman byggjer vi eit tryggare og meir robust Øygarden.

Informasjonspunkt

Dersom mobil- og datanettet er ute av drift over lengre tid, kan innbyggjarane få informasjon ved:

- Innbyggartorg og bibliotek:
  - Sund Senter, Skogsskiftet
  - Thon Senter Sartor, Straume
  - Rong Senter
- Tranevågen ungdomsskule, Ågotnes

I særskilte tilfelle kan det verta oppretta fleire fysiske informasjonspunkt.

Sist oppdatert: 08.10.2026 12.02